FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Hyen Fisk as

6829 HYEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Leikanger
16.11.99	1999/09377-3/542.1/HAM/a	09.06.00

ENDRING AV LØYVET HYEN FISK AS, SF/GP –5, HAR TIL UTSLEPP FRÅ SETTEFISKANLEGG FOR LAKS OG AURE I GLOPPEN KOMMUNE.

De søkjer 16. november 1999 om at vi aukar eller stryk grensa for biomasseprodukjon, sett til 50 tonn i vårt løyve av 28. juni 1994. De sender oss ei gransking 25. april 2000 som dokumenterer forsvarleg miljøtilstand i eit punkt på 72 meters djup utafor utlaupet frå anlegget som ligg på 38 meter. Eit punkt er lite å halde seg til i denne samanheng. Likevel finn vi grunnlag for å endre løyve til det De søkjer om, fordi grensa for produksjon på 800 000 settefisk ikkje vert endra.

Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr 6, § 18 stryk vi - ",med ein samla biomasse på inntil 50 tonn." – frå vårt løyve til Hyen Fisk as av 28. juni 1994. Løyvet står elles ved lag.

Dette er eit vedtak som De kan klage på innan tre veker.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Harald Muladal, tlf: 57 65 51 65

Kopi:
Fiskeridirektoratet region Sogn og Fjordane
Fylkesveterinæren for Hordaland og Sogn og Fjordane
Gloppen kommune
Internt:vass,ham

Adresse
Tinghuset, Skrivarvegen 3
Postboks 37
6861 LEIKANGER
Epost: *X.400*: S=Postmottak;O=fm-sf;P=dep;A=telemax;C=no

Telefon
57 65 50 00
Telefaks
57 65 50 55

Landbruksavdelinga
Hafstadvegen 48
Postboks 14
6801 FØRDE
Internett: Postmottak@fm-sf.sri.telemax.no

Telefon
57 72 32 00
Telefaks
57 82 12 05

3.01.05

FISKERISJEFEN I
SOGN OG FJORDANE
DATO 01.08.94
J.Nr. 1338
Arkiv nr. 482.3

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE
6840 HERMANSVERK
TELEFON 57 66 50 00 - TELEFAX 57 66 50 66 - TELEX 42166

HYEN FISK AS

6780 HYEN

Dykkar ref. Vår ref. 5170/90/9951/92/881.2/AK Dato 28.06.94.

HYEN FISK AS - SF/gp 05- UTVIDING AV SETJEFISKANLEGG

Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr.6, § 18, jf. T-3/93 frå Miljøvern-departementet, endrar fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Hyen Fisk AS sitt løyve til utslepp til luft og vatn frå eit setjefiskanlegg ved *Åreneset* i Hyen, UTM-koordinatar: 3750 00 68 489 50

./. **Endringa av løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagde vilkår blir følgde.**

Løyvet gjeld for eit årleg oppdrett av inntil 800 000 stk sjødyktige setjefisk, med ein samla biomasse på inntil 50 tonn. Utsleppsløyvet erstattar løyveskriv dagsett 08.08.88.
Løyvet gjeld frå det tidspunkt anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Det omfattar også utslepp frå reingjering, medisinering og avfallshandsaming knytt til drifta.

BAKGRUNN FOR SAKA

Hyen Fisk AS fekk 11.09.85 løyve til å etablere eit setjefiskanlegg ved *Åreneset* i Hyen. Den 04.07.87 søkte verksemda om utviding frå 500 000 til 800 000 stk setjefisk. Fylkesmannen gav den 08.08.88 utsleppsløyve for ei slik utviding. På den andre sida gjekk fylkesmannen i samla fråsegn i mot utvidinga, og viste til at anlegget ligg innanfor ei sikringssone for laksefisk, og at ei utviding ville kunne føre til sjukdom og vere til ulempe for villaksen i området.

Fylkesmannen sitt vedtak blei oversendt fiskerisjefen. I 1992 bad fiskerisjefen om ei ny vurdering av søknaden til Hyen Fisk AS, med bakgrunn i dei opplysningane ein hadde om anlegget på det tidspunkt, mellom anna eit skriv frå Hyen Fisk AS til fylkesmannen dagsett 27.07.89.

Fylkesmannen seier seg lei for at stort tidspress og låg prioritering av setjefisksaker har ført til at saka har blitt liggjande svært lenge også hjå fylkesmannen. Avdi det er gått så lang tid finn fylkes-mannen det rett å skrive ut eit nytt utsleppsløyve og ei ny samla fråsegn til verksemda.

GRUNNGIVING FOR AVGJERDA

Som vurdert i 1988 vil auken i produksjon gi auka utslepp til sjøen. Ein meiner likevel at Hyefjorden som resipienten er god, og at mengdene organisk materiale frå oppdrettsanlegget ikkje er så store at det er nødvendig å krevje at utsleppet må reinsast. Fylkesmannen er likevel redd for at fisk kan rømme frå anlegget, og verksemda må difor treffe dei tiltak som er

nødvendige for å hindre dette. Dette gjeld både installering av utstyr som hindrar rømming, men også å innføre rutiner som minskar faren for rømming. Me ber om at verksemda sender inn til fylkesmannen ein rapport om kva for tiltak som er sett iverk for å hindre rømming. Fristen for innsending er **01.10.94.**

Løyvet som blei skrive ut i 1988 omfatta også utslepp frå eit stamfiskanlegg og smoltifiseringsanlegg i sjøen. Dette er det ikkje lenger aktuelt å nytte, og dette løyvet gjeld difor berre for aktivitetar på land.

OPPLYSINGAR OM KLAGERETT M.V.

Partane i saka kan klaga avgjerda inn for Statens forurensningstilsyn (SFT) innan tre -3- veker etter at samla avgjerd (konsesjon) er mottatt, jf. forvaltingslova § 28 kap. VI. Klaga skal ein grunngi og senda om fiskerisjefen. Dersom løyvet blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT gi oppsetjande verknad på den påklaga delen, til endeleg avgjerd i saka er tatt.

Partane i saka har rett til å gjere seg kjende med dokumenta i saka, jf forvaltingslova §§ 18 og 19 Fylkesmannen vil kunne gi nærare opplysingar om handsaminga av saka.

Løyvet fritar ikkje frå erstatningsansvar for ureiningsskade etter ureiningslova § 10 og kap. 8.

Alle verksemder med meir enn ein tilsett er pliktige til å ha eit internkontrollsystem, som sikrar at lover og reglar innan: Helse, miljø og tryggleik blir følgde (jfr. § 52 b. i ureiningslova, og internkontrollforskrifta).

Med heimel i ureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til staten for å sikre at tiltak, og pålegg gitt med heimel i ureiningslova blir gjennomførte.

Ved nedlegging av drifta, t.d. grunna ein konkurs, skal det givast melding om dette til ureiningsstyresmakta, jf. § 20 i ureiningslova.

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan ytterlegare tiltak bli kravd frå verksemda for å redusere eller hindre ureining frå anlegget. Eventuelt kan det bli kravd at anlegget blir flytt jf. ureiningslova §18.

Eigaren av anlegget pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gir fullmakt, inspisere anlegget (jf. § 50 i ureiningslova).

Me gjer for ordens skuld merksame på at det er ulovleg etter ureiningslova og straffelova å unnlate å etterleve vilkåra som er sett til drifta.

Med helsing

Anders Anderssen (e.f.)
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Arild Klyve, 1. konsulent (Tlf. 57 65 51 57)

Kopi: Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane, Postboks 274, 6701 MÅLØY
Fylkesveterinæren i Hordaland, Sogn og Fjordane, Boks 61, 5032 MINDE
Gloppen kommune, 6860 SANDANE
AK, vass

Vedlegg: Vilkår for utsleppsløyvet, dagsett 28.06.94.
Samla fråsegn frå fylkesmannen, dagsett 28.06.94.